

Vil me ha amerikansk militærbase på Sola?

Etter at Norge hadde gått inn i NATO i 1949 vedtok Gerhardsen-regjeringa base-erklæringa. For ikkje å provosera Sovjet vart det bestemt at Norge ikkje ville tillata utanlandske basar i fredstid. I 1957 vedtok regjeringa det same om atom-våpen. Denne politikken har vorte følgt av skiftande regjeringar heilt opp til vår tid.

Men nå opererer allierte atomdrivne u-båtar langs norskekysten, 30-40 i året (Statens strålevern, 2018) og dei får bruke ei sivil hamn utanfor Tromsø.

I april 2021 vart det kjent at USA har teke initiativ til ein ny forsvarsavtale med Norge. USA kom med ein ferdig «mal» til avtale- tekst. Forslaget vart presentert av utanriksminister Søreide og forsvarsminister Bakke- Jensen, og forsvarsministeren var frimodig nok til å hevda at dette er i samsvar med base-erklæringa.

På fire såkalla «omforente områder» skal USA kunna byggja infrastruktur for å ta imot amerikanske soldatar. Dette gjeld flybasane Rygge, Evenes og Sola, og i tillegg sjøforsvarets logistikk-base i Ramsund. USA sine investeringar skal vera norsk eide dom heiter det, men USA skal ha bruksretten, og bruken skal vera i respekt for norsk suverenitet. Litt av ein floke. Spørsmåla reiser seg. Kva er ein base? Kva betyr suverenitet? Kva er eideomsrett utan bruksrett? For folk med vanleg sunn fornuft er vel bruks- og råderett kjernen i eideomsretten. Men viss USA får bruksretten, får dei i praksis ein base. Amerikanarane skal respektera norsk lov, heiter det, men kan sjå bort frå det dersom lovene strir mot amerikanske behov.




Nei til den nye baseavtalen med USA

Dei amerikanske militære skal også ha «diplomatisk immunitet», d.v.s at norsk politi/rettsvesen ikkje kan bryta inn om dei bryt norsk lov. Rullebanane må forlengast for å ta imot dei største amerikanske bombeflya. Norge kan ikkje kontrollera fartøy som kjem til basane utan løyve frå USA. Korleis kan me då forsikra oss om at ikkje avåpen blir lagra her? Alt i alt ser avtalen ut til å vera i strid med § 25 i Grunnlova. Den slår fast at den norske regjeringa skal ha øverste befaling over forsvarsmakta i landet og skal ikkje gi frå seg kommandoen over militær aktivitet til andre land.

Som småstat er det viktig for Norge å ha eit godt forhold til vår store nabo i aust. Men NATO-medlemskapen gjer at me blir dregne inn i rivaliseringa mellom USA og Russland. Militært sett vil Russland rekna amerikanske basar som amerikansk territorium. Me risikerer å bli slagmark i ein evt. militær konflikt mellom USA og Russland. Dette er stadfesta av russiske styresmakter.

Ivrige NATO-tilhengarar blant norske politikarar seier at denne avtalen vil gjera oss tryggare. Heldigvis er også mange NATO-tilhengarar skeptiske til denne avtalen. Ståle Ulriksen, forskar ved sjøkrigsskulen har uttalt : «For hvert grep vi tar for å gjøre oss trygge, vil russerne føle seg mindre trygge, og omvendt.» Det fornuftige er å arbeida for avspenning, ikkje militær opptrapping.

Stortinget må seia nei til denne avtalen!



WILPF Norway - Women's International League for Peace and Freedom
INTERNASJONAL KVINNELIGA FOR FRED & FRIHET
HARDANGER AKADEMIET
 Nordisk senter for fred, utvikling og miljø
 Antikrigsinitiativet,
 Bestemødre for fred, Norges fredslag,
 Stop Nato, Nobel Peace Prize Watch

Naboer som venner – ikkje fiender!